

Til

01. desember 2019

Evje og Hornnes kommune

Tilleggsopplysningar vedrørende søknad om endring av reguleringsplan Einerkilen hyttefelt, Planid. 200901 i Evje og Hornnes kommune

Viser til møte med administrasjonen i Evje og Hornnes kommune mandag 25. november. I møte uttrykte administrasjonen at dei ville innstille negativt til endringa av reguleringsplanen.

Utbygger har derfor valt å supplere søknaden med nokre tilleggsopplysningar etter møte.

I følgje PBL §12-4 kan kommunen treffe vedtak «*når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går ut over hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsinnteresser.*»

Endringa i PBL kom som eit ledd i regjeringas arbeid om å effektiviserer PBL, slik at kommunen fekk ein utvida moglegheit til å endre reguleringsplanar etter ein enklare prosess.

Utbygger kan ikkje sjå at endringa har nokon negativ verknad på natur- og friluftsinnteressene i området. Denne delen av planområdet som blir berørt av ny veg og to tomter til fritidsbygning er ei myr, som er forholdsvis blaut i overflata. Det er derfor liten og ingen trafikk over denne i dag, med unntak av den etablerte trestien som nyttas av eigarane av hyttene på andre sidan av kilen. Det er nettopp for desse vegen ønskast etablert. Når vegen er etablert vil det ligge meir til rette for at allemenheten også går tur langs vegen her. Dette er erfaringa frå slike områder elles i distriktet. Vegar og turstiar generer økt trafikk i området frå allmenheten. Området har i dagens reguleringsplan formål LNF. Sjølv om deler av dette LNF området blir omregulert til veg og fritidsbustad, vil det fortsatt vere store områder som er LNF innanfor reguleringsplanen. Det er med andre ord berre ein liten brøkdel av LNF området som får endra formål. Det kan også leggjast til at det er store områder med likande myrførekomstar også i arealet rundt det regulerte området.

Det er som tidlegare nemnt at det er utarbeida ein flomrapport for området. Denne leggast til grunn for planeringshøgda for dei to tomtene. Planeringshøgde vil vere 0,5 meter høgare enn Q200, altså kote 440,2 moh. Når det gjelder adkomstvegen som er regulert inn i endringa av planen, er tanken å legge denne som fylling på dagens myr. Ved enn Q200 flom vil då vatnet stige over vegen, slik at ikkje vegen blir ein demning for området. Vatnet er også veldig stillestående i dette området. Slik tomtane er plasser i bakkant av kollen, vil ikkje dei påverke ein flom og korleis vatnet fordeler seg i dette området. Konklusjonen er at endringa av reguleringsplanen vil ikkje påverke området negativt. Vatnet vil stige opp som før, og kunne bevege seg slik det gjer i dag om det skulle komme ein ny ekstrem flom, altså Q200.

Tomtene vil bli masseutskifta ned til fast grunn, altså fylt med stein opp til planeringsnivået. Når det gjelder etableringa av vegen, vil denne bli bygd med duk rett på myra og fyllmassar oppå duken. Tjukkelsen på laget vil vere 30- 40 cm tjukt. Det vil ikkje bli utført noko terrenginngrep. Det er derfor berre ein liten del av dette lokalområdet som vil bli berørt. I ytterkant av parkeringsarealet og dei to nye tomtane ligger det frå tidlegare to eigendomar (tomter) , med kvar sitt gnr. og bnr.

Oppsummert kan ikkje utbygger sjå at denne endringa er negativ for natur- og friluftsiinteresse i området. Tvert imot vil den vere positiv for brukarane og allemneheten i dette lokale området. Det vises også til ROS analysen som blei laga ved utarbeidinga av planen.

Ved etablering av vegen ned til parkeringsplassen vil det også styrke sikkerheita for hyttene som ligger på andre sidan av kilen. Både med tanke på beredskap for brann og anna redning AMK og liknande.

Utbygger søker om å få godkjent endringa slik som ho førelegg, subsidiert berre vegen og parkeringsplassen. Dei to tomtene til fritidsbustad (tomt A15 og A16) utgjenge då.

Vi er av den oppfatning at denne reguleringsendringa ikkje har negative konsekvensar for fritidseigedommane, natur- og friluftsiinteresse, allmenheten eller kommunen.

Dersom noko er uklart, eller dykk lurar på noko så tak kontakt.

Vennleg helsing
Ingeniør Wiberg

Sigurd Wiberg